


Høringsutkast

Organisasjons- og leiarstruktur for Stad kommune



Innhold

1. Innleiing	2
1.1. Om prosessen fram mot dette høyringsnotatet	3
2. Framlegg til organisasjons- og leiarstruktur i Stad kommune	6
2.1. Rammene for etableringa av Stad kommune	6
2.2. Framlegg til ny organisasjons- og leiarstruktur.....	7
2.2.1. Drøftingsmodell 1	8
2.2.2. Drøftingsmodell 2	9
3. Kort omtale av nivå 1, 2 og 3	10
3.1. Stabsfunksjonane	10
3.1.1. Økonomi	10
3.1.2. Organisasjon	10
3.1.3. Fagutvikling og koordinering.....	11
3.2. Kommunalsjefnivå og rammeområda	12
3.2.1. Oppvekst og opplæring	12
3.2.2. Helse og velferd	12
3.2.3. Samfunnstenester og beredskap	13
3.2.4. Samfunn og stadutvikling.....	13

1. Innleiing

Eid og Selje kommunar vil frå 1. januar 2020 bli Stad kommune. Dette høyringsutkastet utgjer høyringsrunde nummer 2 i prosessen med å få etablert ein ny organisasjons- og leiarstruktur i Stad kommune. Denne prosessen vil gå fram til drøfting og tilråding i partssamansett utval 20. september 2018. Rådmannen i Stad kommune har fått tildelt mynde til å vedta organisasjonsstrukturen.

Høyringsfristen er sett til 21. august 2018.

Dette drøftingsnotatet må sjåast i samanheng med prosjektplan for *Omstillingsprosjektet*, som skildrar korleis vi skal arbeide for å organisere nye avdelingar og kva prosessar og metodar vi skal nytte for å innplassere og tilsetje leiarar og medarbeidarar i Stad kommune. Prosjektplanen ligg ved dette høyringsutkastet.

Punkt 2.4 i prosjektplanen definerer kva avdelingar og fagområde som er omfatta av Omstillingsprosjektet og som vil få ny organisering/endra organisasjonsstruktur fram mot 1. januar 2020. Følgjande avdelingar og fagområde er omfatta:

- samfunnsplanlegging, ikt, kommunikasjon, økonomi, personal, arkiv
- reguleringsplan, eigedom, byggesak, næring, teknisk drift
- brann, beredskap og redning
- barnevern, flyktningteneste, vaksenopplæring, NAV
- PPT, spesialpedagogisk oppfølging
- legeteneste, helsestasjon, førebygging, rehabilitering, psykolog, psykisk helse og rus, psykolog, psykiatriteneste
- vaksenopplæring, flyktningeteneste, mindreårige flyktningar
- kultur, frivillig, bibliotek, kulturminne

Fleire avdelingar vil ikkje bli omfatta av Omstillingsprosjektet, i den forstand at dei ikkje vil få endra organisasjonsstruktur fram mot 1. januar 2020. Følgjande avdelingar er ikkje omfatta av omstillingsprosjektet:

- Stadlandet skule
- Selje skule
- Flatraket skule
- Stårheim skule
- Haugen skule og barnehage
- Nordfjordeid skule
- Eid ungdomsskule
- Hjelle skule
- Selje barnehage
- Leikvang barnehage
- Flatraket barnehage
- Stårheim barnehage
- Golvsengane barnehage
- Gjerdane barnehage

- Interkommunale tenester Nordfjord sjukehus
- Heimeteneste Selje
- Heimeteneste Stadlandet
- Heimeteneste Eid
- Seljetunet bu- og behandlingssenter
- Hogatunet bu- og behandlingssenter
- Bu- og miljøtenesta Eid

1.1. Om prosessen fram mot dette høyringsnotatet

Eit av hovudprosjekta i kommunesamanslåinga er Organisasjon og arbeidsgjevar. Inn under dette hovudprosjektet ligg delprosjektet Omstillingsprosjektet, jf. Vedlegg 1 til dette dokumentet. Målet for omstillingsprosjektet er å «Gjennomføre prosess med å organisere nye avdelingar, tilsetje og innplassere tilsette i Stad kommune»..

I samsvar med omstillingsavtalen skal den nye kommunen og organisasjonsplanen byggjast trinnvis frå toppen. Det går vidare fram av punkt 4.1 i prosjektplanen til Omstillingsprosjektet at Rådmannen i Stad kommune innan 01.05.2018 skal lage eit drøftingsnotat/framlegg til organisering av nivå 1 og 2 (kommunalsjefar og stabsavdelingar), der det vert presentert tankar om:

- kor mange kommunalsjefar kommunen kan ha
- kva ansvarsområde kommunalsjefane kan ha
- om kommunen bør ha assisterande rådmann
- om kommunen bør ha assisterande kommunalsjefar og/eller rådgjevarar direkte under kommunalsjefane
- kor mange stabsavdelingar ein bør ha og fordeling av funksjonar mellom dei
- kva stillingsprofilar og kompetansekrav stillingane bør ha

Det går vidare fram av prosjektplanen at dette drøftingsnotatet skal danne grunnlag for arbeid i administrative arbeidsgrupper og drøftingar i PSU og i Fellesnemnda.

Rådmannen i Stad kommune har i tråd med punkt 4.1. i *Omstillingsprosjektet* utarbeidd eit drøftingsnotat som omhandlar forslaget til ny administrativ leiarstruktur i Stad kommune, med fokus på leiarnivå 1 og 2, leiarar for stabsfunksjonar og kommunalsjefar.

Fire sentrale dokument la premissane for rådmannen sitt drøftingsnotat:

- Intensjonsavtalen for Eid og Selje godkjent januar 2017
- Prosjektbeskriving for samanslåing av kommunane Eid – Selje frå 01.01.2020, vedteken i felles kommunestyremøte 22.06.2017
- Styringsdokument – program for kommunesamanslåinga mellom Eid og Selje. Arbeidet og vedtaka som er gjort i programmet Stad 2020 fram til d.d. blir omtalt i eit styringsdokument som skal godkjennast av partssamansett utval og fellesnemnda 03.05.18.
- Omstillingsavtalen vedteken 01.03.18 regulerer arbeidet med omstillinga. Det er oppretta eit delprosjekt under hovudprosjektet Organisasjon og arbeidsgjevar (omstillingsprosjektet), og dette delprosjektet har ansvar for arbeidet med organisering, tilsetting og innplassering av tilsette i Stad kommune.

I denne sammenhengen påpeika rådmannen følgjande:

«Det er verdt å merke seg at intensjonsavtalen vart inngått før arbeidet i programmet var starta. Det er etter rådmannen sitt syn viktig å sjå denne i samanheng med utviklinga og arbeidet i ettertid slik at ein gjer ein samla vurdering av kva som er tenleg for å nå dei samla måla for den nye kommunen».

Arbeidsgruppene fekk felles mandat for innspel til organisasjons- og bemanningsplan i Stad kommune:

«1. **Framlegg til organisering av det aktuelle fag- og arbeidsområdet**

Arbeidsgruppene skal levere innspel til korleis det aktuelle fag- og arbeidsområdet kan organiserast i den nye kommunen, inkludert utarbeide framlegg til leiarstruktur og bemanningsplan som viser a) oppgåver b) kompetansebehov c) framlegg til stillingsomtalar for leiarar c) årsverk. Innspelet skal vere offentleg og må utformast i samsvar med dette.

2. **Kartlegging av noverande oppgåver, tilsette og kompetanse**

Arbeidsgruppene skal kartlegge og lage oversyn over noverande oppgåver, tilsette og kompetanse i dei to kommunane innanfor definert fag- og arbeidsområde.

I samsvar med omstillingsavtalen skal kartlegginga mellom anna vise vakante stillingar, mellombelse stillingar og ei vurdering av om desse kan avsluttast før kommunesamanslåinga. Føremålet er å få oversyn over stillingar som ein kan tilby som «anna passende arbeid».

Arbeidsgruppene kan gjennomføre ei eller fleire SWOT-analyser for å identifisere svake og sterke sider, utfordringar og moglegheiter.

Mal for kartlegging skal nyttast.

Dokumentet skal ikkje vere offentleg.


Formell drøfting».

Dette drøftingsnotatet danna grunnlaget for drøftingar i felles administrative arbeidsgrupper for Eid og Selje kommunar fram til 1. juni 2018, jf. Vedlegg 2. Dei offentlege innspela frå dei administrative arbeidsgruppene ligg som vedlegg til dette dokumentet.

Forslaget til ny organisasjonsstruktur nivå 1 og 2, som var ute til drøfting fram til 1. juni 2018, er vist i skissa under:

Økonomi og finans
 Rekneskap
 Skatteoppkrevjar
 Innkjøp
 Kontraktsforvalting
 Verksemdstyring
 Samfunnsmedisin og folkehelse
 Kommuneplan/planstrategi
 Næringsdemokrati/medverknadsordningar
 Regionalt/nasjonalt samarbeid
 Tettstadutvikling/bulyst
 Næringsutvikling
 Reiseliv
 Tilskotsordningar
 Koordinatorfunksjonar for ekstern samfunnsutvikling
 Innovasjon og tenesteutvikling
 FN's bærekraftsmål
 Klima og miljø

Digitalisering, IKT
 Digital infrastruktur
 Politisk saksutgreiing
 Prosjektleiing (investering og drift)
 Kompetanse- og leiarutvikling
 Personal/arbeidsgjevar
 Lønn
 Pensjon
 HMS
 Rekruttering/lærlingar
 Kvalitetssystem
 Dokumentensenter
 Politisk sekretariat
 Informasjon og kommunikasjon
 Klarspråk
 Grafisk profil
 Koordinatorfunksjonar for kommunal tenesteyting



Barnehage
 Skule
 SFO
 Integrering
 Vaksenopplæring
 Barne- og familietenester (Barnevern, PPT, helsestasjon?)

Tenestetildeling (ei dør inn)
 Koordinerande eining
 Helsestasjon?
 Heimetenester
 Institusjon
 Legeteneste
 Rehabilitering
 Psykisk helse og rus
 Menneske med nedsett funksjonsevne
 Arbeid og velferd (NAV)
 Interkommunale helsetenester

Veg
 Vatn og avløp
 Forureining og renovasjon
 Brann og redning
 Beredskap og samfunnssikkerhet
 Eigedomsforvaltning
 Eigedomsdrift og reinhald
 Park og grønt
 Hamn

Arealplan
 Samferdsel
 Byggesak
 Geodata/oppmåling
 Landbruk/skogbruk og friområde
 Kultur og kulturhus
 Kulturskule
 Bibliotek
 Idrett- og friluftsliv
 Frivillige og frivilligsentral
 Førebygging og friskliv

I etterkant av innspelsrunden vart det den 11. og 12. juni 2018 gjennomført ei arbeidssamling om *Omstillingsprosjektet* med kommunalsjefar, aktuelle leiarar, hovudtillitsvalde i partssamansett utval og tilsette frå personalområdet. I denne samlinga vart innspela gjennomgått og drøfta.

2. Framlegg til organisasjons- og leiarstruktur i Stad kommune

2.1. Rammene for etableringa av Stad kommune

Det er særleg fem dokument som legg premissane for rådmannen sitt framlegg til ny organisasjons- og leiarstruktur i Stad kommune:

- Intensjonsavtalen for Eid og Selje godkjent januar 2017
- Prosjektbeskriving for samanslåing av kommunane Eid – Selje frå 01.01.2020, vedteken i felles kommunestyremøte 22.06.2017
- Styringsdokument – program for kommunesamanslåinga mellom Eid og Selje. Arbeidet og vedtaka som er gjort i programmet Stad 2020 fram til d.d. blir omtalt i eit styringsdokument som skal godkjennast av partssamansett utval og fellesnemnda 03.05.18.
- Omstillingsavtalen vedteken 01.03.18 regulerer arbeidet med omstillinga.
- Prosjektplan for Omstillingsprosjektet datert 23.04.2018 med etterfølgjande drøftingsnotat frå rådmann datert 01.05.2018

Arbeidet med kommunesamanslåinga blir organisert som eit program, som er ei samling av prosjekt og aktivitetar med eit felles overordna mål. Det overordna samfunnsmålet for programmet/ kommunesamanslåingar er:

«Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag».

Fellesnemnd for Eid og Selje har vedtatt fire hovudstrategiar for å nå samfunnsmålet:

- 1) Vi skal samskape - samordne og samarbeide
- 2) Vi skal tilby heilskapleg og effektiv tenesteyting
- 3) Vi skal bli fleire
- 4) Vi skal vere nyskapande

Rådmannen si oppgåve blir å kome fram til ein organisasjonsmodell som tek i vare dei mål og strategiar som vi har sett for den nye kommunen.

2.2. Framlegg til ny organisasjons- og leiarstruktur

Eid og Selje har i dag ein rådmann og tre kommunalsjefar kvar i sine organisasjonar. Ingen har assisterande rådmann. Rådmannen i Stad/programleiar har ikkje noko ønskje om å endre hovudstrukturane i den administrative organiseringa, men ser det som viktig at vi organiserer oss på ein måte som gjer at vi nyttar ressursane effektivt og ser heilskapen i organisasjonen.

Det er heller ikkje noko ønskje om å endre ansvarsfordelinga mellom nivåa, men eit ønskje om betre samordning og betre ressursutnytting. Dersom vi skal realisere strategiane våre, så må vi tenke nytt om korleis vi skal organisere oss og fordele funksjonar, men først og fremst må vi tenke nytt om korleis vi skal lukkast med samordning og samarbeid internt i organisasjonen og ikkje minst i møte med innbyggjarane og næringslivet.

Det er omfattande og ulike tenester og oppgåver som slik blir fordelte på få personar. Det er difor rådmannen si vurdering at talet kommunalsjefar bør utvidast til fire i Stad kommune. Det er ikkje ønskjeleg å prioritere å ha for stor toppleiargruppe då ressursane til leing må vere tilstrekkelege ute i dei ulike tenestene, og det er difor viktig å vektlegge at ei toppleiargruppe skal styre på eit strategisk nivå og vere bindeleddet mellom politisk nivå og tenestene.


Organisasjonskartet under viser eit framlegg der Stad kommune får på nivå 1 ein rådmann og fire kommunalsjefar og på nivå 2 tre stabsleiarar. Organisasjonskartet viser også aktuell inndeling av nivå 3, teneste- eller avdelingsstruktur plassert innanfor dei fire rammeområda. Detaljert leiarstrukturen på nivå 3 (t.d. fagleiarar) kjem ein tilbake til etter 1. oktober 2018.

Det er lagt fram to organisasjonsmodellar for vidare drøfting. Desse må som nemnt lesast i lys av prosjektplanen for Omstillingsprosjektet, som seier kva avdelingar som får endra avdelingsstruktur fram mot 1. januar 2020 og kva avdelingar som ikkje blir omfatta av Omstillingsprosjektet.


Organisasjonsmodellane som blir lagt fram for gjennomgang og drøfting er i hovudsak like, med unntak av dei to rammeområda samfunnstenester og samfunn og stadutvikling. Drøftingsmodell 1 viser ei plan- og forvaltningsavdeling i rammeområdet samfunnstenester, medan drøftingsmodell 2 viser ei større, samla avdeling for lokal samfunnsutvikling under rammeområdet samfunn og stadutvikling



2.2.1. Drøftingsmodell 1



2.2.2. Drøftingsmodell 2



3. Kort omtale av nivå 1, 2 og 3

3.1. Stabsfunksjonane

Under blir det gjeven ei kortfatta, rettleiande beskriving av kva oppgåver og mynde som er tenkt lagt til stabsfunksjonane. Beskrivinga bygger på skissa vist i punkt 2, og tek elles utgangspunkt i det som tradisjonelt er lagt til stabsfunksjonar i større organisasjonar som kommunar.

Ansvar for utføring av fellesfunksjonane og levering av interne rådgjevings-, koordinerings og støttetjenester i kommuneorganisasjonen er i hovudsak lagt til følgjande tre stabsfunksjonane:

- Økonomi
- Organisasjon
- Fagutvikling og koordinering

I ein organisasjonsteoretisk samanheng definerast gjerne stab som dei funksjonane i ein organisasjon som på vegne av leiinga tek i vare oppgåver som styring, utvikling, planlegging, koordinering, analyse, revisjon, rådgjeving og rapportering.

Stabsfunksjonane sine oppgåver er skilt frå tenesteproduksjonen, og den enkelte kommunalsjef skal ha ansvar for styring og planlegging av sine tenester. På desse områda er stabsfunksjonane tenkt ein rådgjevings-, og støtte- og koordineringsfunksjon. Tilsvarande vil stabsleiarane ha ansvar for styring og planlegging av sine fellestenester, som blir ytt til organisasjonen og inngå i strategisk leiing i Stad kommune.

Rutinar for samhandling mellom stab og dei fire rammeområda må utarbeidast i fellesskap, styrande ut frå behov og fastlagde handlingsdelar/politiske vedtak.

3.1.1. Økonomi

Denne stabsfunksjonen utøver funksjonar innanfor økonomiområdet og har fagleg ansvar for den overordna budsjettprosessen, analyser og utgreiingar, årsrekneskap, finansforvaltning og jamleg økonomioppfølging og rapportering. Området har også ansvar for kurs- og kompetansetiltak innanfor økonomirapporteringsområdet, og forvaltar økonomireglementet. Skatteoppkrevjar er også lagt til stabsfunksjonen økonomi.

3.1.2. Organisasjon

Denne stabsfunksjonen tek i vare rolla som øvste arbeidsgjevar i kommunen, med mellom anna følgjande funksjonar:

- Personal og lønn
- Arkiv og dokumententer
- Informasjon og kommunikasjon

Personal og lønn under stabsfunksjonen organisasjon, er mellom anna tenkt å omfatte følgjande område:

- HMS
- IA
- Overordna arbeidsgjevarpolitikk
- Medarbeidar- og leiarutvikling
- Kompetanse- og organisasjonsutvikling
- Rekruttering/lærlingar

Stabsfunksjonen organisasjon skal også ta i vare arkiv- og dokumentbehandling i Stad kommune, og vil mellom anna inneha fagkompetanse innanfor teoretisk, metodisk og teknisk kunnskap i arkivfaget. Funksjonen yter også støtte- og opplæring til organisasjonen, og bidreg til openheit.

Stabsfunksjonen vil også ha ansvar for informasjon og kommunikasjon i kommunen, med særleg ansvar for felleskommunikasjon og tilrettelegging for at vi innanfor alle sektorar informerer på ein planlagt og ikkje-tilfeldig måte. Utarbeiding av verktøykasse for informasjon og kommunikasjon er sentralt her.

Aktuelle funksjonar:

- Val
- Sentralbord/servicetorg
- Politisk sekretariat
- Heimeside
- Klart språk
- Grafisk profil

3.1.3. Fagutvikling og koordinering

Stabsfunksjonen fagutvikling og koordinering skal kunne rådgje, koordinere og støtte organisasjonen i prosjektarbeid og sitje på fagkompetanse på område som er typisk tverretatlege og tverrfaglege. Staben skal kunne arbeide strategisk og metodisk innanfor viktige overordna, felles fagområde som t.d. samfunnsmedisin, folkehelse, digitalisering, innkjøp og berekraft. Stabsfunksjonen skal også koordinere verksemdplanlegging og ressursstyring, t.d. utarbeiding av verksemds- og turnusplanar.

Rådgjevarane i staben skal også yte særskilt rådgjeving og støtte til saksutgreiing o.l. på rådmann- og kommunalsjefsnivå.

Stabsfunksjonen kan til dømes setjast saman slik:

- Innkjøp/kontraktforvaltning
- Juridisk rådgjeving
- Digitalisering, IKT
- Prosjektleiing (investering/drift)
- Rådgjevingsfunksjonar for kommunal tenesteyting
- Saksbehandling

- Koordinator kvalitetssystem
- Samfunnsmedisin og folkehelse
- Koordinator for overordna planprosessar
- Koordinator for verksemdplanlegging og ressursstyring
- Prosess og prosjektstøtte til planarbeid
- Støtte til prosjektsøknader
- Innovasjon og tenesteutvikling
- FNs bærekraftsmål

3.2. Kommunalsjefnivå og rammeområda

Den enkelte kommunalsjef har ansvaret for den strategiske utviklinga av Stad kommune som tenesteytar, forvaltar, demokratisk arena og samfunnsutviklar. Og som arbeidsgjevar. Funksjonen assisterande rådmann er det ingen av kommunane som har erfaring med. Rådmannen vil styrke det kollektive leiarskapet og ser det difor som meir tenleg at kommunalsjefane deler på oppgåva som fungerande rådmann i rådmannen sitt fråvær og representerer rådmannen i sin kommunalsjefsfunksjon. Å være medlem i leiargruppa i Stad kommune inneber at ein blir medlem av eit team der det blir forventa at alle medlemmene har ansvar for heilskapen, og at ein ikkje berre representerer eige rammeområde.

3.2.1. Oppvekst og opplæring

Kommunalsjef for oppvekst og opplæring vil ha det overordna ansvaret for:

- Barnehagar
- Skular m/SFO
- Barnevern
- PPT

3.2.2. Helse og velferd

Kommunalsjef for helse og velferd vil ha det overordna ansvaret for:

- Helseavdeling (helsestasjon, legeteneste, fysio- og ergoterapi/rehabilitering, psykisk helseteam/rus, frisklivsentral, TT-kort)
- Heimetenester
- Institusjon
- Omsorgsbustader/bu- og miljøteneste
- Interkommunale helsetenester
- Team tenestetildeling og koordinering (Organiseringa må finne si form fram mot 1. januar 2020)

3.2.3. Samfunnstenester og beredskap

Kommunalsjef for samfunnstenester og beredskap vil ha det overordna ansvaret for:

- Kommunalteknikk (Veg, vatn og avløp)
- Plan og forvaltning, jf. drøftingsmodell 1 (Reguleringsplan, byggesak, geodata, oppmåling, forureining og renovasjon)
- Brann og redning (Beredskap og samfunnssikkerhet)
- Eigedomsforvaltning (Park og grønt, reinhald, vaktmeistertjenester, drift og forvaltning, kjøp, sal og utleige av eigedom, bilpark)
- Landbruk/skogbruk og friområde (interkommunalt)

I drøftingsmodell 1 har dette rammeområdet tilnærma lik organisering som i dagens kommunar, men med eit sterkare fokus på tenesteyting og forvaltning på områda for reguleringsplan, byggesak og geoteknikk/oppmåling. I drøftingsmodell 2 er dei sistnemnde oppgåvene lagt til rammeområde samfunn og stadutvikling.

3.2.4. Samfunn og stadutvikling

Rådmannen foreslår eit nytt rammeområde, etablert med det formål å legge til rette for eit sterkare og samla fokus på å styrke dei stadkvalitetar og det samspel som i sum gjer eit nabolag, ein tettstad eller eit større samfunn attraktivt, livskraftig og trygt å flytte til, å bu i, å besøke, å drive næring i og å arbeide i. Nav og integrering blir lagt til denne sektoren. Å bli integrert krev at ein blir inkludert, i næringslivet, i frivillige aktivitetar og til dømes gjennom deltaking av dei kulturelle tilbod som finn på staden. Å samle næring, integrering, kultur og frivilligsentral i ein sektor kan vere ein god måte å styrke arbeidet med inkludering og styrke forståinga av samspelet mellom offentleg sektor og dei frivillige.

Kommunalsjef for samfunn og stadutvikling vil ha det overordna ansvaret for:

- Lokal samfunnsutvikling
(Reguleringsplan, byggesak, geodata, oppmåling, forureining og renovasjon, landbruk og skog (jf. drøftingsmodell 2) næring, reiseliv, bulyst, idrett og friluftsliv, kulturminne, kulturpris, tilskotsordningar, nærdemokrati/med-verknadsordningar, koordinatorfunksjonar for ekstern samfunns-utvikling, ungt entreprenørskap, SLT-koordinator, samferdsel, kollektivtilbud/skuleskyss, skjenke- og serveringsløyve)
- Kulturavdeling
(Kulturtilbod, kulturhus, kino, arrangement, kulturskule, bibliotek, frivilligsentral)
- Arbeid og velferd (NAV)
- Opplæring og integrering